



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Oppdragsavtale for Romsdal videregående skole for skoleåra 2017/2018 og 2018/2019

### Formål

Formålet med oppdragsavtalen er saman med skolane å sette felles målsettingar, og saman med Romsdal vidaregåande skole sette resultat- og prosessmål for tenesteutviklinga ved skolen. Fylkesutdanningssjefen skal følgje opp skoleleiinga gjennom året slik at ein saman vurderer dei behova skolen har for støtte og oppfølging for å nå målsettingane. Avtalen skal såleis bidra til å fremje eit godt samarbeid mellom den enkelte skole og skoleeigar.

### Skoleleiardialogen

Skolen har ei tydeleg pedagogisk plattform der det går fram at skolen skal være best når det gjeld kvalitet, kreativitet og kultur for læring,

Skolen skal gjere elevane ettertrakta og kvalifisert for framtida. Skolen skal i dette arbeidet fremme tilpassa opplæring og varierte arbeidsmetodar.

Romsdal vgs.skol skal klargjere ungdommen slik at dei har eit god grunnlag til å orientere seg i ei stadig meir kompleks informasjonsflyt.

I fellesskap skal ein skape eit inkluderande arbeidsmiljø med respekt, tryggleik, omsorg og arbeidsglede og med tydeleg fokus på helse, miljø og sikkerhet.

Skolen sin handlingsplan speglar dette med mange tiltak. Sjølv om Romsdal vgs. I mange år har jobba systematisk med tema som: arbeid med læringsmiljø, vurderingskultur og gjennomføring har vært indikasjonar på at det ikkje går tydeleg fram kva som er prioriterte utviklingsmål og satsingar. Den siste handlingsplan er no veldig målretta og tydeleg, utan at dette går på bekostning av dei gode tiltaka og systemiske prosessane for å støtte utviklinga av læringsmiljøet og gjennomføringa ved skolen.

I elevundersøkinga gir elevane og uttrykk for at dei trivst relativt godt på skolen, det er ikkje mobbing, men det er likevel nokre elevar som synst at skolemiljøet ikkje er trygt, noko som kan vere eit uttrykk for avgrensa tilgang til rådgjevar, vaksenkontakt, helsesøster eller anna hjelpeapparat. Når det gjeld elevdemokrati og medverknad er skolen på gjennomsnittet for fylket.

Det er noko variasjon i resultatata frå elevundersøkinga mellom utdanningsprogramma, men ein del elevar meiner at skolen kan bli betre når det gjeld klasseleiing og vurdering for læring. Dei siste åra har elevane gjennom elevundersøkinga gitt uttrykk for at arbeidsroen i timane har utvikla seg svært positivt og elevane meiner at dei får god støtte frå lærarane. Dette er eit godt grunnlag for å vidareutvikle klasseromsleiinga.

Skolen har i handlingsplan for 2016-17 vært veldig tydelege på mål og tiltak i forhold til struktur-, prosess-, og resultat kvalitet.

Det er ei godt gjennomtenkt handlingsplan som viser tydeleg samanheng med "Kvalitetsplana" for utdanning i M&R – fylke.

I forhold til gjennomføring legg skolen lista høgt på 84% for vg1, vg2, vg3 og 70% for yrkesfagleg påbygging.

Skolen har ei gjennomføring på 83,7% totalt med alle utdanningsprogram for skoleåret 2015-16.

Samla gjennomføring for Vg1, Vg2, og Vg3 er i same periode på 83,9% medan talet for påbygging er 72,2%

Systematisk bruk av Hjernen og Hjertet vil kunne leggje eit godt grunnlag for å analysere ulike sider ved skolen som opplæringsinstitusjon.

Fylkesutdanningssjefen ser på Hjernen og Hjertet som ein reiskap for å gjere skolebasert vurdering, det er då viktig å involvere personalet slik at ein saman kan sjå ulike utfordringar og leggje grunnlag for prioriterte tiltak.

Romsdal vgs står fram som ein skole med gode strukturar for alle tilsette og elevar. Det er mykje kreativitet for å auke porteføljen av utdanningsprogram.

Det blir spanande å vidareutvikle skolen saman med elevar og lærarar i nye praktfulle lokaler.

### ***Prioritering av mål og tiltak for alle dei vidaregåande skolane.***

For å utvikle kvaliteten og få enda betre gjennomføringa skal følgande prioriterast:

- Det skal arbeidast systematisk med utvikling av tilpassa opplæring, læringsmiljøet, den formative vurderinga og grunnleggande ferdigheitar i skolane.
- Det skal saman med lokalt og regionalt arbeidsliv, arbeidast for å skape fleire lære- og opplæringsplassar. Gjennom avtalar om utplassering i yrkesfagleg fordjuping skal skolane arbeide for å formidle elevane til læreplass.
- Det skal arbeidast med å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar både når det gjeld overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole og frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift.
- Det skal arbeidast med å gi gode opplæringstilbod til elevar og lærlingar som treng særskilt oppfølging.
- Det skal arbeidast med å utvikle rådgivingstenesta slik at elevane får eit godt grunnlag for å gjere val om utdanning og yrke.
- Det skal arbeidast med pedagogisk leiing gjennom vidareutvikling av leiarrolla.
- Skolane sitt arbeid med kvalitet i opplæringa skal dokumenterast i ei årleg melding.

### ***Prioritering av mål og tiltak for Romsdal vgs***

Grunnlaget for fylkesutdanningssjefen sin forventning er korleis skolen arbeider med kvalitetsplanen og oppfølginga av kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring for å utvikle opplæringa, og spesielt innafor område skolen må forbetre.

Fylkesutdanningssjefen har i samråd med skolen peika på følgjande område som ein spesielt må utvikle tiltak for å betre kvaliteten;

Skolen må innarbeide arbeidet med vurdering av skolerresultat frå Hjernen & Hjertet som ein del av den skolebaserte vurderinga. Personalet må involverast i evalueringsprosessen av skoleåret. Denne evalueringa vil då gje eit grunnlag for utviklingsprosessar knytt til arbeidet med skolen sin handlingsplan og utviklinga av skolen generelt.

Skolen skal framleis ha ei om målsetting at ein totalt har ei gjennomføring på minst 84% på Vg1, Vg2 og Vg3-nivåa, og ha ein ambisjon om at gjennomføringa på påbygging vil halde seg godt over 70%.

Ein må i kommande periode ytterlegare styrke kompetansen og arbeidet med minoritetsspråklege elevane. Skolen må fortsette å samarbeidearbeide systemisk med vurdering for læring, klasseleiing og regelhandtering gjennom å vidareutvikle ein delingskultur for god pedagogisk praksis, klasseleiing og reglar som skal etterlevast av heile skolemiljøet.

Fylkesutdanningssjefen forventar at skolen set i verk tiltak for å betre gjennomføringa. Med utvikling av den formative elevvurderinga, klasseleiing, regelhandtering og elevmedverknad vil dette saman kunne fremje læringsmiljøet og såleis stimulere elevane til å utvikle seg fagleg. Når ein skal prioritere tiltak er det viktig at dei er heilskaplege og samordna.

Erik Brekken  
Fylkesutdanningssjef

Ivar Rød  
Rektor